

## KOMMISJONSAVGJERD

2002/EØS/63/31

av 26. september 2001

**om oppheving av avgjerd 97/150/EF om skiping av eit europeisk rådgjevande forum for miljø og berekraftig utvikling***[meld under nummeret K(2001) 2863]*

(2001/704/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA  
HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) Det europeiske rådgjevande forumet for miljø og berekraftig utvikling vart skipa av Kommisjonen ved avgjerd 97/150/EF<sup>(1)</sup>.
- 2) Medlemmene av det europeiske rådgjevande forumet for miljø og berekraftig utvikling vart oppnemnde av Kommisjonen ved avgjerd 97/307/EF<sup>(2)</sup>.
- 3) Kommisjonen gjorde 24. januar 2001 framlegg til det sjette handlingsprogrammet for miljø<sup>(3)</sup> og 15. mai 2001 framlegg til ein strategi for berekraftig utvikling<sup>(4)</sup>.
- 4) I framlegget sitt til ein fellesskapsstrategi for berekraftig utvikling, som vart gjort på møtet i Det europeiske rådet i Göteborg, plikta Kommisjonen seg til å skipe ein rundebordskonferanse om berekraftig utvikling, som skal rapportere direkte til presidenten for Kommisjonen.

- 5) Difor er det føremålstenleg å leggje ned verksemda til Det europeiske rådgjevande forumet for miljø og berekraftig utvikling, som har stetta den rådgjevande rolla si på ein tilfredsstillande måte gjennom heile mandatperioden sin —

TEKE DENNE AVGJERDA:

*Artikkel 1*

Avgjerd 97/150/EF vert oppheva.

*Artikkel 2*

Denne avgjerda tek til å gjelde den dagen ho vert vedteken av Kommisjonen.

Utferda i Brussel, 26. september 2001.

*For Kommisjonen*

Margot WALLSTRÖM

*Medlem av Kommisjonen*

(\*) Denne fellesskapsrettsakta, kunngjord i TEF L 258 av 27.9.2001, s. 20, er nemnd i avgjerd i EØS-komiteen nr. 46/2002 av 19. april 2002 om endring av protokoll 31 til EØS-avtala om samarbeid på særlege område utanfor dei fire fridommene, sjå EØS-tillegget til Tidend for Dei europeiske fellesskapa nr. 29 av 13.6.2002, s. 25.

<sup>(1)</sup> TEF L 58 av 27.2.1997, s. 48.

<sup>(2)</sup> TEF L 131 av 23.5.1997, s. 28.

<sup>(3)</sup> TEF C 154 av 29.5.2001.

<sup>(4)</sup> KOM(2001) 264 av 15.5.2001.